



DEN NORSKE KYRKJA
Aurland kyrkjestyre

MOTTATT

28 OKT 2014

Kyrkjelydskontoret
5745 AURLAND
Tlf: 57632995
Faks: 57632901

Kulturdepartementet
Kirkeavdelingen, Postboks 8004, Dep.
0030 OSLO

Aurland 09.10.2014
Vår sakshandsamar: Monica Finden
Vår ref.: 14/00019-002
Arkivkode: 008

Høyringsuttale - Staten og Den norske kirke - et tydelig skille

Det er bra at kyrkja fornyar seg på det som er nødvendig, men samstundes viktig å verne om det som gir tryggleik og tek vare på tradisjonar og verdier som Den norske kyrkja har stått for. God samhandling mellom kyrkja, staten og samfunnet elles er viktig for å ta vare på den gode folkekyrkja som me har. Me er difor glade for at det vert lagt opp til ei brei og god høyring av dei foreslegne endringane i kyrkjelova.

Aurland kyrkjestyre har ikkje teke for seg alle framlegg til endringar, men har konsentrert oss om det som me meiner påverkar oss mest og betyr mest for oss. Det som er grunnleggande viktig for oss er at den breie folkekyrkja vert ivareteken og fylgjer med tida - ikkje går tilbake i tid, og at det lokale sjølvstyret vert ståande sterkt.

Aurland kyrkjestyre meiner at det er viktig at ein har ein arbeidsgjevar for alle kyrkjeleg tilsette som jobbar i same sokn/fellesrådsområde og at denne arbeidsgjevaren er eit demokratisk organ som opptrer på vegne av det lokale rettssubjektet. Det er, slik me ser det, ikkje bra å ha ei midlertidig ordning for ca. 3 år for dei som i dag er statstenestemenn. Det at prestane har eit sjølvstende i forhold til det som går på ordinasjon treng ikkje vere i konflikt med det å ha ei arbeidsgjevarlinje. Disiplinærvedtak (oppseiing, avskjed og suspensjon) bør liggje til ansvarleg arbeidsgjevar.

Aurland kyrkjestyre støttar KA sitt framlegg på §2:

Hvert sokn skal være betjent av prest i et omfang som sikrer soknets medlemmer mulighet for regelmessig gudstjenestefeiring, tilgang til kirkelige handlinger og nødvendig samordning med soknets virksomhet. Soknets organer har rett til medvirkning ved tilsetting av prest i eget sokn.

Det er viktig at organiseringa av kyrkja ikkje vert for "topptung" slik at det går unødvendig mykje midlar til administrasjon i stadenfor ute i sokna.

Det av oppgåver som kan løysast lokalt, bør løysast lokalt. Eit sterkt lokalsamfunn gir ei sterk kyrkje, og ei sterk kyrkje gir eit sterkt lokalsamfunn. Sokna bør ha mynde til å løyse så mange oppgåver som råd.

Trusopplæringa er eit viktig nav i mange kyrkjelydar. I og med at kristendomsopplæringa er teken ut av skulen og ansvaret er overført til kyrkja, er det viktig å sikre økonomien i trusopplæringa. Me er redde for at dette kan verte problematisk dersom det vert innført eit generelt rammetilskot i stadenfor direkte tilskot til trusopplæringa. Dette bør sikrast i § 22. Det er óg uheldig å begrense adgangen til å ta opp lån for den DnK då dette vil kunne problematisere investeringar og drift.

I samanheng med strukturendringar er det óg viktig at prøveordninga med samanslegne sokneråd som har eksistert sidan 2006 vert evaluert. For Aurland sin del har me hatt prøveordninga frå starten og me er veldig godt nøgde med ordninga som inneber at Aurland kyrkjestyre er samansett av 2 representantar frå kvart av våre 4 sokn og at kyrkjestyret har både fellestråds- og soknerådsoppgåver. Kyrkjestyret har gitt uttrykk for at det er viktig for sokna her at alle er representerte i kyrkjestyret, og den moglegheita ville ein mista om ein slo saman sokna og vart eitsoknskommune. Sovidt me kjenner til so er det ikkje mange som har gått ut av prøveordninga (om nokon i det heile), men den har ikkje vore evaluert sovidt me veit.

Håpar at dei endringane som kjem i kyrkjelova vil vere gode for kyrkja og sokna me representerar.

Med helsing
Aurland kyrkjestyre



John Jordalen
Leiar



Monica Finden
Kyrkjeverje